

Endeleg vart det karusellrenn!

12.02.2016



Så glad vart denne gjengen for at det vart renn!

Skifolket i Kvinnherad har hatt ein vanskeleg start på sesongen. Nå snøen har kome og løypene har vore klare, har det slått om til mildver. Dermed har fleire renn regna vekk denne vinteren. I starten på veka vart det kjøligare, snøen la seg i Fjellhaugen og dermed snudde arrangørane seg raskt rundt og trødde til med karusellrenn i Fjellhaugen torsdag kveld.



Thea Soltveit Taranger og Camilla M. Ripel klare til start.

Rennet gjekk i fristil, og ein god bukett skiløparar frå Uskedal IL stilte til start saman med andre ivrige lagrennarar frå kommunen. Forholda var gode, arrangørane frå Omvikdal IL og Rosendal TL gjorde ein framifrå jobb.

Rennet gikk i fristil, medan det var barneskirenn for dei yngste ein halv time tidlegare. Fleire bilete finn de på [UIL si heimeside](#), medan resultat finn de ved å [klikka her](#).

Dei gode vermeldingane tyder på at det vert flotte forhold i skisentera både i helga og utover i vinterferien. Skitrekket i Fjellhaugen vart også opna sist onsdag så dermed skulle alt liggja til rette for ei strålende tid framover både for dei som trvest i langrennsløypa og dei som likar seg i alpinbakken.



Eit flott knippe langrennsløparar

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel